



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	26.02.2026
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Helle, Arve	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Sande, Elisabeth Boge	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Lammetun, Hans André	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Ness, Kjetil	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH
Brattelid, Ståle	V
Haugsbakk, Marte	V
Stang, Gunhild Berge	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Eimind, Marthe	SP	Nedrebø, Ole Jakob	SP
Grytøyra, Maren	SP	Selvåg, Ivar	SP
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V	Fismen, Arne	V
Aase, Odd Helge	H	Hjartholm, Bjørn Helge	H

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Felde, Kjetil Høgseth	006/26	Søderstrøm, Ida
Felde, Kjetil Høgseth	007/26	Søderstrøm, Ida
Stang, Gunhild Berge	011/26	Ingen vara innkalla

Merknader:

Elisabeth Boge Sande hadde fått innvilga permisjon frå kl. 12:00. Representanten deltok i handsaming av sak 008/26, 009/26, 010/26. Det var ikkje kalla inn vara.

Desse presentasjonar som vart halde i møtet, vert lagt til som ny referatsak etter møtet:

- Informasjon om kommuneplanen sin samfunnsdel ved kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes og arealplanleggar Erlend Berge Kyllingstad
- Nytt ved dagleg leiar Andreas Fonn Macsik
- Eigedomsskatt ved Kjell Larsen i Verditaksering AS
- presentasjon ved komunedirektøren Ola Hovland

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		25/1948
002/26	Godkjenning av protokoll		25/1948
003/26	Referatsaker		25/1948
004/26	Kommunedelplan for Dale - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram		24/1683
005/26	Framlegg til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel		24/1687
006/26	Støtte til Fjordkysten regional- og geopark		21/379
007/26	Støtte til Jakob Sande- senter for forteljekunst		17/293
008/26	Prosjektrekneskap - Dingemoen skule		25/1932
009/26	Fastetjing av betalingssatsar på eigedomsskatt for skatteåret 2026		25/1225
010/26	Årsmelding 2025 - Fjaler kontrollutval		23/1510
011/26	Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering		25/1937
012/26	Notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram 2026-29		25/1225
013/26	Plan for vidare arbeid med innsparing 2026		24/483
014/26	Val av styremedlemmar til Nyttå AS		26/291

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Ordførar gjorde framlegg om å endre rekkefølga på saklista. Etter handsaming av referatsaker vert dei ordinære sakene handsama i følgjande rekkefølge:

- Sak 009/26 Fastsetjing av betalingssatsar på eigedomsskatt for skatteåret 2026
- Sak 010/26 Årsmelding 2025 - Fjaler kontrollutval
- Sak 008/26 Prosjektrekneskap Dingemoen skule
- Sak 006/26 Støtte til Fjordkysten regional- og geopark
- Sak 007/26 Støtte til Jakob Sande - senter for forteljekunst
- Sak 014/26 val av styremedlemmer til Nytt AS
- Sak 005/26 Framlegg til høyring - kommuneplanen sin samfunnsdel
- Sak 011/26 Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering
- Sak 012/26 Notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram
- Sak 013/26 Plan for vidare arbeid med innsparing 2026

Røysting: innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent med endringsframlegget.

KOM- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende med følgjande endring:

Etter handsaming av referatsaker vert dei ordinære sakene handsama i følgjande rekkefølge:

- Sak 009/26 Fastsetjing av betalingssatsar på eigedomsskatt for skatteåret 2026
- Sak 010/26 Årsmelding 2025 - Fjaler kontrollutval
- Sak 008/26 Prosjektrekneskap Dingemoen skule
- Sak 006/26 Støtte til Fjordkysten regional- og geopark
- Sak 007/26 Støtte til Jakob Sande - senter for forteljekunst
- Sak 014/26 val av styremedlemmer til Nytt AS
- Sak 005/26 Framlegg til høyring - kommuneplanen sin samfunnsdel
- Sak 011/26 Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering
- Sak 012/26 Notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram
- Sak 013/26 Plan for vidare arbeid med innsparing 2026

002/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå siste møte vert godkjend.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 002/26 Vedtak:

Protokollen frå siste møte vert godkjend.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Referatsakene vert godkjende.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Ordførar orienterte om:

- møte med eigarar/investorar i Lutelandet. Bekymra for det regulatoriske som kan skape utfordringar eller får ting til å stoppe opp.
- eigarmøte Visit Fjordkysten og Sunnfjord.

Kommunedirektøren heldt presentasjon om folketalsutviklinga i Fjaler kommune, og status på drift.

Røysting: samrøystes

KOM- 003/26 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

004/26: Kommunedelplan for Dale - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 010/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting formannskapet si tilråding: samrøystes

KOM- 004/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

005/26: Framlegg til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Endringsframlegg om matjord, ved/ Taylor, Mark, MDG

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå «fortetting av utbygde areal bør alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.» til «fortetting av utbygde areal skal alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.»

Endringsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ Hovland, Connie,

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå "Viss jordbruksareal vert bygd ned, bør matjorda takast vare på og om mogleg nyttast som dyrka mark andre stader" til «Viss jordbruksareal vert bygd ned, skal det lagast ein plan for ivaretaking av matjord.

Endringsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ Hovland, Connie,

Strategi om gamalskog vert endra frå: "Vi bør unngå nedbygging av naturlege karbonlager som myr og gamalskog. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket" til «Vi skal unngå nedbygging av samanhengande område med naturskog av høgare kvalitet. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket. »

Røysting endringsframlegga frå kommunedirektøren: samrøystes

Røysting endringsframlegg frå MDG om matjord: samrøystes

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegga: kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegga vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 013/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå "Viss jordbruksareal vert bygd ned, bør matjorda takast vare på og om mogleg nyttast som dyrka mark andre stader" til «Viss jordbruksareal vert bygd ned, skal det lagast ein plan for ivaretaking av matjord.

Strategi om gamalskog vert endra frå: "Vi bør unngå nedbygging av naturlege karbonlager som myr og gamalskog. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket" til «Vi skal unngå nedbygging av samanhengande område med naturskog av høgare kvalitet. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket. »

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå «fortetting av utbygde areal bør alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.» til «fortetting av utbygde areal skal alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.»

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Utsetjingsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ ,

Kommunestyret utsett saka til formannskap og kommunestyre i mars 2026 (nærare grunngjeving går fram av saksframlegget under punktet "nye opplysningar etter handsaming i formannskapet 06.02.26")

Røysting utsetjingsframlegg: samrøystes

KOM- 005/26 Vedtak:

Kommunestyret utsett saka til formannskap og kommunestyret i mars 2026 (nærare grunngjeving går fram av saksframlegget under punktet "nye opplysningar etter handsaming i formannskapet 06.02.26")

006/26: Støtte til Fjordkysten regional- og geopark

Ugilde

Felde, Kjetil Høgseth

**Følgjande varamedl.
møtte**

Søderstrøm, Ida

Merknad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune løyver 313 055 til Fjordkysten regional- og geopark for 2026. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Fjordkysten regional- og geopark. Kjetil Felde tredde frå møtet.

Handsaming habilitetsspørsmålet:

Formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e.

Ingen vara var innkalla.

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg:

kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 015/26 Vedtak:

Fjaler kommune løyver 313 055 til Fjordkysten regional- og geopark for 2026. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Fjordkysten regional- og geopark.

Kjetil Felde tredde frå møtet under handsaming habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitet: kommunestyret vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e.

Ida Söderstrøm (SP) møtte som vara.

Felles tilleggframlegg, ved/ Haugsbakk, Marte, V

Tilleggspunkt til formannskapet sitt framlegg:

1. Kommunestyret føreset at Fjordkysten regional- og geopark i 2026 legg fram ein plan for styrka eigenfinansiering og alternative inntektskjelder, samt eit budsjett i balanse, for å redusere presset på deltakar-kommunane.

2. Fjaler kommune seier opp avtalen med Fjordkysten regional- og geopark med verknad frå 01.03.2026 for å sikre handlingsrom i vidare vurderingar av deltaking og finansiering. Det er ein føresetnad at ny avtale vert utarbeidd.

Ordførar orienterte om at det vert eigarmøte i Fjordkysten regional- og geopark på 14.04.26.

Røysting formannskapet sitt framlegg med tilleggframlegg: samrøystes.

KOM- 006/26 Vedtak:

Fjaler kommune løyver 313 055 til Fjordkysten regional- og geopark for 2026. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt:

1. Kommunestyret føreset at Fjordkysten regional- og geopark i 2026 legg fram ein plan for styrka eigenfinansiering og alternative inntektskjelder, samt eit budsjett i balanse, for å redusere presset på deltakar-kommunane.
2. Fjaler kommune seier opp avtalen med Fjordkysten regional- og geopark med verknad frå 01.03.2026 for å sikre handlingsrom i vidare vurderingar av deltaking og finansiering. Det er ein føresetnad at ny avtale vert utarbeidd.

007/26: Støtte til Jakob Sande- senter for forteljekunst

Ugilde	Følgjande varamedl.	Merknad
	møtte	
Felde, Kjetil Høgseth	Søderstrøm, Ida	

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune løyver 200 000 til Jakob Sande - senter for forteljekunst. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.
2. Vi set som krav at Jakob Sande - senter for forteljekunst tar ei avgjerd knytt til konsolidering i løpet av fyrste halvår 2026.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan ektefelle er styreleiar i Jakob Sande - senter for forteljekunst. Kjetil Felde tredde frå møtet.

Handsaming habilitetsspørsmålet:

Formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav b.

Ingen vara var innkalla.

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg:

kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 016/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune løyver 200 000 til Jakob Sande - senter for forteljekunst. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

2. Vi set som krav at Jakob Sande - senter for forteljekunst tar ei avgjerd knytt til konsolidering i løpet av fyrste halvår 2026.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan ektefelle er styreleiar i Jakob Sande - senter for forteljekunst. Kjetil Felde tredde frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitetsspørsmålet: kommunestyret vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav b.

Ida Søderstrøm (SP) møtte som vara.

Gunhild B. Stang (V) bad om å få vurdert sin habilitet, sidan ho er nestleiar i styret for musea i Sogn og Fjordane og med tanke på konsolideringsprosessen som Jakob Sande - senter for forteljekunst står i. Stang tredde frå møtet under handsaminga av habilitetsvurderinga.

Habilitetsspørsmål røysting: kommunestyret vurderte samrøystes at Stang ikkje er inhabil.

Stang tredde inn att i møtet.

Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes møtte og svarte på spørsmål.

Felles tilleggsframlegg frå AP, SV, MDG OG V, ved/ Haugsbakk, Marte, V

Tilleggspunkt:

Kommunestyret legg til grunn at det kjem ny sak om vertskommunebidrag til musea i samband med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg: vedteke med **19 mot 3 røyster** (Fismen (V), Rundberg (Uavhengig), Lammetun (SP))

Tilleggsframlegget: vedteke med **19 mot 3 røyster** (Selvåg (SP), Nedrebø (SP), Rundberg (Uavhengig)).

KOM- 007/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune løyver 200 000 til Jakob Sande - senter for forteljekunst. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.
2. Vi set som krav at Jakob Sande - senter for forteljekunst tar ei avgjerd knytt til konsolidering i løpet av fyrste halvår 2026.

Tilleggspunkt:

Kommunestyret legg til grunn at det kjem ny sak om vertskommunebidrag til musea i samband med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

008/26: Prosjektrekneskap - Dingemoen skule

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2471 Dingemoen skule vert godkjent slik den er lagt fram.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 011/26 Vedtak:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2471 Dingemoen skule vert godkjent slik den er lagt fram.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Leiar for Fjaler kontrollutval Magne Norddal innleia saka.

Røysting: samrøystes

KOM- 008/26 Vedtak:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2471 Dingemoen skule vert godkjent slik den er lagt fram.

009/26: Fastetjing av betalingssatsar på eigedomsskatt for skatteåret 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. I medhald til eigedomsskattelova (eskl) §§ 2 og 3 vert de skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen
2. Ved utskriving av skatt på bustadeigedomar vert det nytta skatteetaten sine formuesverdiar der disse ligg føre (eskl §8 C-1)
3. Det vert ikkje gjeve botnfrådrag
4. Skattesatsen vert sett til 1,6 promille av skattegrunnlaget jfr. eskl § 11-13 på bustad- og fritidseigedomar
5. Skattesatsen vert sett til 6,3 promille av skattegrunnlaget på næringseigedomar jfr. eskl § 11-13
6. Det vert gjeve fritak for eigedomsskatt etter § 7 bokstav a og b for følgjande eigedomar

Fritak etter § 7 a				
Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Heimelshavar
129	7			Guddal ungdomslag
238	8			Stroka Skyttarlag
41	39			Stiftelsen Røde kors UWC - Høegbygget
56	8			Strand Skulekrins
86	4			Vassdalen skulekrins
237	15			Fure og Våge Grendahus
64	57			Ljosheim
92	5	1		Dale skyttarlag - Skytebane Stavsdalen
64	6			Dale Ungdomslag
92	17			Flekkje Ungdomslag
64	36			Vevang produksjon
234	6			NIBIO Fureneset
64	1	4		Vestland FK - Dale VGS
237	9			Folkestad Bedehuskapell
24	42			Hellevik indremisjon
Fritak etter §7 b				
Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Heimelshavar
63	1			Barthold Vonen

Lista over er basert på eigedomar som har fritak pr. i dag. Nye søknader om fritak vert handsama i kommunestyret fortløpande

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 009/26 Vedtak:

1. I medhald til eigedomsskattelova (eskl) §§ 2 og 3 vert de skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen
2. Ved utskriving av skatt på bustadeigedomar vert det nytta skatteetaten sine formuesverdiar der disse ligg føre (eskl §8 C-1)
3. Det vert ikkje gjeve botnfrådrag
4. Skattesatsen vert sett til 1,6 promille av skattegrunnlaget jfr. escl § 11-13 på bustad- og fritidseigedomar
5. Skattesatsen vert sett til 6,3 promille av skattegrunnlaget på næringseigedomar jfr. escl § 11-13
6. Det vert gjeve fritak for eigedomsskatt etter § 7 bokstav a og b for følgjande eigedomar

Fritak etter § 7 a				
Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Heimelshavar
129	7			Guddal ungdomslag
238	8			Stroka Skyttarlag
41	39			Stiftelsen Røde kors UWC - Høegbygget
56	8			Strand Skulekrins
86	4			Vassdalen skulekrins
237	15			Fure og Våge Grendahus
64	57			Ljosheim
92	5	1		Dale skyttarlag - Skytebane Stavsdalen
64	6			Dale Ungdomslag
92	17			Flekkje Ungdomslag
64	36			Vevang produksjon
234	6			NIBIO Fureneset
64	1	4		Vestland FK - Dale VGS
237	9			Folkestad Bedehuskapell
24	42			Hellevik indremisjon
Fritak etter § 7 b				
Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Heimelshavar
63	1			Barthold Vonen

Lista over er basert på eigedomar som har fritak pr. i dag. Nye søknader om fritak vert handsama i kommunestyret fortløpande

010/26: Årsmelding 2025 - Fjaler kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Leiar for Fjaler kontrollutval Magne Norddal innleia saka.

Røysting: samrøystes

KOM- 010/26 Vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

011/26: Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering

Ugilde

Følgjande varamedl.
møtte

Merknad

Stang, Gunhild Berge

Ingen vara innkalla.

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Fjaler kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Fjaler kommunen sett av 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Fjaler (og dei andre eigarkommunane) sin andel av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 012/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Fjaler kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Fjaler kommunen sett av 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Fjaler (og dei andre eigarkommunane) sin andel av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Gunhild B. Stang (V) stilte spørsmål ved sin habilitet som dagleg leiar i Sunnfjord utvikling som er initiativtakar og prosjekteigar i Invest in Fjordane, og som framleis skal ha driftsansvaret (styrer driftsinntektene til Invest).

Stang tredde frå møtet under handsaminga av saka.

Røysting: kommunestyret vurderte samrøystes at Stang er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e.

Ingen vara innkalla.

Ordfører Leif Jarle Espedal (AP) stilte spørsmål ved sin habilitet som leiar for styret i region Fjordane. Region Fjordane er eit politisk organ, og ikkje eit AS. Regionrådet har ikkje økonomiske interesser.

Røysting: Kommunestyret vurderte samrøystes at ordfører Leif Jarle Espedal ikkje er inhabil.

Røysting formannskapet si tilråding: samrøystes

KOM- 011/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Fjaler kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Fjaler kommunen sett av 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Fjaler (og dei andre eigarkommunane) sin andel av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

012/26: Notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram 2026-29

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre tek kommunedirektøren sitt notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram 2026-29 til vitande.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 012/26 Vedtak:

Kommunestyre tek kommunedirektøren sitt notat om oppfølging av vedtak i sak om budsjett- og handlingsprogram 2026-29 til vitande.

013/26: Plan for vidare arbeid med innsparing 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre tek kommunedirektøren sin plan for vidare arbeid med innsparing til vitande.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 013/26 Vedtak:

Kommunestyre tek kommunedirektøren sin plan for vidare arbeid med innsparing til vitande.

014/26: Val av styremedlemmar til Nytta AS

Valnemnda sitt framlegg:

Valnemnda si tilråding om styrerepresentantar til Nytta AS vert lagt fram i møte.

....

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Framlegg Valnemnda, ved/ Ness, Kjetil, SV

Representantar vald til interimstyre held fram. Desse står på val i 2027.

Kommunestyret tilrår generalforsamlinga å gjere vedtektsendringer der det blir opna for at representant frå kommunen har observatørrolle gjeldende fra 2027.

Spørsmål om habilitet:

Randi Engen (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan ho er tilsett i Nytta AS.

Engen tredde frå møtet under handsaming habilitetsspørsmålet.

Ida Søderstrøm (SP) møtte som vara under handsaming.

Røysting habilitet: kommunestyret vedtok samrøystes at Engen ikkje er inhabil sidan ho er vanleg tilsett i Nytta og ikkje dagleg leiar.

Søderstrøm tredde fra møtet, og Engen tredde inn att i møtet.

Gunhild B. Stang (V) stilte spørsmål ved sin habilitet som dagleg leiar i Sunnfjord utvikling. Ingen avtale per i dag mellom Nytta og Sunnfjord Utvikling.

Stang tredde frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitet Stang: kommunestyret vurderte at Stang ikkje er inhabil.

Røysting valnemnda si tilråding: samrøystes

KOM- 014/26 Vedtak:

Representantar vald til interimstyre held fram. Desse står på val i 2027.

Kommunestyret tilrår generalforsamlinga å gjere vedtektsendringer der det blir opna for at representant frå kommunen har observatørrolle gjeldende fra 2027.